



LINDÅS KOMMUNE
RÅDMANNEN

Varsel om tilsyn

Til Solhaugen barnehage

VARSEL OM TILSYN ETTER LOV OM BARNEHAGAR § 16

Det vert vist til plan for tilsyn av barnehagane i Nordhordland.

Tilsynet vert utført: 28.april 2014.

Avsett tid: 09.00 – 12.00.

Frå tilsynsorganet kjem:

Rita Amundsen, Radøy og Astrid Namtvedt Sylta, Lindås.

Hovudtema for tilsynet vert:

- Lov om barnehage § 3 «Barns rett til medverknad».
- Om de har pedagogisk dokumentasjon som viser korleis de arbeider i høve § 3 i LOB, ber vi at de sender dette til tilsynsmynde innan 22.04.2014.

Vi tek atterhald om endring/utviding av tema dersom opplysningar i innkomne dokument gjer dette naudsynt.

- Det vert og gjennomført synfaring av barnhagelokala og uteområdet.
- Dokumentasjon på internkontroll kan verte etterspurd ved tilsynet.

Under tilsynet ynskjer ein samtale / intervju med desse personane:

- Styrar.
- Ein pedagogisk leiar.
- Ein assistent.

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
25. 03. 2014	
Ark. saksnr.	Løpenr
Sakst.	Tilgangskode

Tilsynsorganet ber om å få tilsendt fylgjande dokument på førehand:

- Utfylt vedlagt sjekkliste.
- Elektronisk utgåve av årsplan 2013/2014.
- Vedtekter for barnehagen.

Frist for innlevering av dokument: 22.04.2014.

I etterkant av tilsynsbesøket vil det verte utarbeidd ein rapport. Eventuelle avvik må utbetrast innan gitte fristar.

Knarvik, 24.03.2014.

Med helsing

Astrid N. Sylta
Astrid N. Sylta

Rådgjevar barnehage